



Helse og Omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref
SRØ 12/302 - 7

Dykkar ref

Arkiv
G00

Dato
30.04.2014

Melding om vedtak: Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Jølster kommune tilrår ikkje at det vert innført ei ordning der fastlegar får høve til å reservere seg frå å tilvise til abort, uavhengig av om forvaltninga av ordninga ligg til kommunale eller nasjonale myndigheiter.
2. Jølster kommune meiner at spørsmålet om kva rettar og plikter pasientar og helsepersonell skal ha, bør vere eit spørsmål for dei nasjonale myndigheiter.
3. Jølster kommune ønskjer ikkje å inngå avtale med nokon av sine fastlegar om at dei kan reservere seg frå å tilvise pasientar til spesialisthelsetenesta for svangerskapsavbrot.
4. Innfører nasjonale myndigheiter reservasjonsordning for fastlegar i primærhelsetenesta bør det ikkje vere opp til den ein skilde kommune å vurdere, men bør forankrast nasjonalt.

Handsaming i Kommunestyret 29.04.2014:

Rådmannen orienterte om at OKH hadde drøfta saka under referatsaker i møte den 23.4.14 og drøftingane der ligg til grunn for rådmannen si tilråding.

Irene Barmen Hoel Krf: Framlegg om at saka vert avvist for sakshandsaming

Det vart først røysting over Krf sitt framlegg om å avvise realitetsbehandlinga av saka

Krf sitt framlegg om avvisning av saka fall med 19 mot 6 røyster





Anders Kristian Sægrov ba om gruppemøte for H gruppa

Etter gruppemøte: Framlegg om å avvise saka

Ordførar opplyste om at det allereie var røysta ove avvising av saka

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 19 mot 6 røyster

KST-031/14 Vedtak:

1. Jølster kommune tilrår ikkje at det vert innført ei ordning der fastlegar får høve til å reservere seg frå å tilvise til abort, uavhengig av om forvaltninga av ordninga ligg til kommunale eller nasjonale myndigheiter.
2. Jølster kommune meiner at spørsmålet om kva rettar og plikter pasientar og helsepersonell skal ha, bør vere eit spørsmål for dei nasjonale myndigheiter.
3. Jølster kommune ønskjer ikkje å inngå avtale med nokon av sine fastlegar om at dei kan reservere seg frå å tilvise pasientar til spesialisthelsetenesta for svangerskapsavbrot.
4. Innfører nasjonale myndigheiter reservasjonsordning for fastlegar i primærhelsetenesta bør det ikkje vere opp til den einskilde kommune å vurdere, men bør forankrast nasjonalt.

Med helsing

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

